



JØLSTER KOMMUNE
Næring og miljø

Landbruks- og matdep.	
Ekstern: 2010/67	Dokument: 20
Mottatt: 21 APR 2010	ASR/ SEB
Saksbehandler:	AKK: 410
Kontor:	Ansatt:

16.04.2010

Vår ref
OKL 09/217 - 8

Dykkar ref

Arkiv
020,

Løpenummer
10/1432

Høring - Forskrift om endring i FOR - 1997-05-02-423 - Forskrift om nydyrking

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Jølster kommune vil med grunnlag i det som framkjem i denne uttalen sterkt tilrå Landbruks- og Matdepartementet å legge vekk forslag om endring av nydyrkingsforskrifta.

Om departementet likevel vil innføre denne forskriftsendringa, må det kartleggast og utgreiast kva konsekvensar dette har for landbruket og den evne landbruket har for å produsere mat no og for framtida.

Handsaming i Utval for Plan og Utvikling 14.04.2010:


Samrøystes i samsvar med tilrådinga.

UPU-032/10 Vedtak:

Jølster kommune vil med grunnlag i det som framkjem i denne uttalen sterkt tilrå Landbruks- og Matdepartementet å legge vekk forslag om endring av nydyrkingsforskrifta.

Om departementet likevel vil innføre denne forskriftsendringa, må det kartleggast og utgreiast kva konsekvensar dette har for landbruket og den evne landbruket har for å produsere mat no og for framtida.

Med helsing


Oddmund Klakegg
Avdelingsleiar næring og miljø
57726124

Kopi til:

Det Kongelege Landbruks
og Matdepartement

Postboks 8007
Dep

0030

OSLO

Fylkesmannen i Sogn og
Fjordane

v/Landbruksavdel
inga

6801

FØRDE

Jølster kommune

Saksutgreiing

SAKSGANG			
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Utval for Plan og Utvikling	14.04.2010		OKL

Sakshandsamar: Oddmund Klakegg	Arkiv: FE-020, FA-	Arkivsaknr 09/217
-----------------------------------	-----------------------	----------------------

Høyring - Forskrift om endring i FOR-1997-05-02-423 - Forskrift om nydyrking.

Vedlegg:

- Høyringsbrev "HØRING – Forslag om endring i FOR-1997-05-02-423 – Forskrift om nydyrking" dat. 17.02.2010 frå Det Kongelige Landbruks- og Matdepartement.

Saksutgreiing:

Det vert synt til vedlagde forslag frå Det Kongelige Landbruks- og Matdepartement vedr. endring av forskrift om nydyrking. Høyringsbrev "HØRING – Forslag om endring i FOR-1997-05-02-423 – Forskrift om nydyrking" dat. 17.02.2010. Uttalefrist for kommunen er sett til 30.04.2010 og skal sendast Det Kongelige Landbruks- og Matdepartement.

Forslaget går ut på å endre § 1 formålsparagrafen, der det skal takast omsyn til om den dyrkinga som saken gjeld kan ha følger for klima. I tillegg skal § 3 definisjon av nydyrking endrast slik at søknadsplikta i noko større grad fangar opp areal som har gått ut av drift, og då særskilt myr samt § 5 der det skal takast serskilt omsyn til om dyrking vil medføre klimautslepp. I korte trekk går forskriftsendringa ut på å forby all dyrking av myr og torvhaldig jord med djupne over 30 cm. Etter definisjonen av kva som vert rekna for myr, er det nytta eit minsteareal på 2 daa og 5 daa for lite produktive myrareal. Forslaget vil for Jølster kommune sin del, få store konsekvensar for den framtidige arealtilgangen og for kva landbruk vi for vår kommune skal ha i framtida. I det vidare vil ein freiste forklare utviklingstrekka vi har for landbruket i kommunen og kva utfordringar landbruket vil få i høve den endra arealtilgang for jordbruksareal forslag til endring av nydyrkingsforskrifta vil få for Jølster kommune.

Med 189 aktive gardsbruk, med mjølk- og småfe- produksjon, sysselset jordbruket kring 35% av den yrkesaktive befolkninga i kommune. Målt i produksjon er Jølster den 3 største landbrukskommunen i Fylke, der mjølkeproduksjon er hovudproduksjonen med ein årleg produksjon på 11,3 mill. liter mjølk, fordelt på 87 produsentar på storfe og 8 geiteprodusentar. Kommunen har og 73 saueprodusentar og 9 produsentar med ammekyr. Gjennomsnittskvote for mjølk pr. produsent er på ca. 100 000 liter, og ligg om lag 30% over snittet for resten av Fylke. Mjølkeproduksjonen er aukande med nær 7 % auke dei siste 5 åra. For 2009 vart det selt 35 000 liter og det vart kjøpt 185 000 liter. Dei siste åra er utviklinga i landbruket prega av dei store strukturendringar i jordbruket, spesielt innan mjølkeproduksjonen.

Dersom vi ser tilbake på dei siste 5 åra, er det vesentleg færre enkeltbruk med mjølkeproduksjon, og færre søkjarar om produksjonstilskot. Ser vi på perioden frå 1997 til 2009, har tal bruk med mjølkekyr gått ned med 6 %. Størstedelen av årsaka til dette er etableringa av mjølkesamdrifter, og ei samdrift vert rekna som eit bruk i denne samanheng. Ved nyttår 2009 hadde vi 23 etablerte mjølkesamdrifter som søker om produksjonstilskot, og det var til saman 63 medlemmar med mjølkekvote med i ei mjølkesamdrift, dette talet er uendra frå tidlegare år.

Jordbruksareala fordeler seg med slik arealfordeling: Fulldyrka jord 19 678 daa, overflatedyrka 795 daa, innmarksbeite 6 339 daa, andre grovforareal 29 daa i sum 26 845 daa. Jordbruksarealet er svært stabilt, og presset mot godt arrondert maskinland er stort. Ein finn nedgang i jordbruksareal for svakt arronderte og bratte areal langs Jølstravatnet medan det kvart år vert fulldyrka kring 70 daa godt arrondert areal i dei meir konsentrerte landbruksområda. I 2009 vart det handsama 9 nydyrkingssaker for totalt 500 daa. fulldyrka jord. Interesse for nydyrking er aukande, og av tildelte dyrkingsløyver, gjeld mesteparten myr- og torvjord.

Jølster er særmerkt i jordbrukssamanheng med gode og produktive grovforareal, eit klima og ein topografi som gjer kommunen godt egna som mjølkekommune. Siste åra har kommunen gjennomgått ei vesentleg omlegging i organiseringa av landbruket. Det har for dei siste 2 åra blitt investert for mellom 80 – 90 mill i nye større samdriftsfjøsar i kommunen, samt utvida ein del enkeltfjøsar. Investeringane gjev høgare produksjon og større behov for godt grovforareal, etter som produksjonen aukar og bruken av beite vert redusert. Med større landbrukseiningar vert behovet for meir rasjonelle og betre arronderte jordbruksareal egna for høgare mekanisering og anna forproduksjon, større ein tidlegare. Bruken av tradisjonell hausting med forhaustar og ensilering i tårnsiloar blir mindre og mindre nytta. For 2009 vart det hausta kring 45 000 rundballar i kommunen, dette utgjer om lag 60% av alt hausta for, med slått og rundballepressing. Med denne utviklinga, vert kravet til store samanhengande og lett drivne jordbruksareal større, med krav om ei høg grad av mekanisering både i høve jordarbeiding, gjødsling og hausting. Der mykje av tidlegare oppdyrka areal, vart konstruert for slått med forhaustar og vossakasse. Desse areala vil gradvis gå ut av produksjon, truleg vert ein del av areala i framtida nytta som beite, men mykje vil og gå attende som gjengroingsareal og skog. Dette vil medføre ei auka konfliktgraden i høve anna arealbruk, som vil utløyse eit stort behov for nydyrking. I tillegg skal landbruket i Jølster truleg avstå fleire hundre dekar fulldyrka jord i høve opprustinga av den 4 mil lange europavegen "E39" som går gjennom kommunen. Det er og vil bli og eit auka press mot fulldyrka jord i høve bustadområde, næringsverksemd og offentlege anlegg. Ein ser ofte att dyrka areal vert nytta til nemnde føremål, av den grunn at ein skal ta omsyn til andre arealkategoriar som randsoner til vatten og vassdrag, viktige områder for biologisk mangfald, verna områder, rassoner og ras restriksjonar osv. Med andre ord skal jordbruket i Jølster kommune utvikle seg i takt med nasjonale føringar og krav til ein effektiv og kostnadsreknande matvareproduksjon, må ein kunne dyrke nye jordbruksareal og i vårt område. Av det som i dag er økonomisk lønsamt å dyrke er det for vår kommune, omtrent utelukkande myr- og torvjord som kan nydyrkast. Truleg har vi i Jølster fleire tusen daa med dyrkbar myr og torvhaldig jord som kan dyrkast, av mineraljord er arealet svært avgrensa, og den mineraljorda som ikkje alt er dyrka, vil kostnaden med å dyrke den opp, ikkje stå i høve den produksjonen jorda vil gje.

Med innføringa av her framlagde forslag til lovendring av dyrkingsforskrifta, vil dette i realiteten bety ei sakte nedbygging av landbruket for vår kommune. Og med den kjennskapen ein har til dei fleste bygdene i dette fylke Sogn og Fjordane og for tilgrensande fylke, vil resultatet truleg bli det same.

Med globale utfordringar med mangel på mat no og for framtida, må ein sikre tilgang på matproduserande areal. Klima utfordringane må og løysast, der landbruket skal ta sin del av jobben med å redusere klimautslepp, men truleg er ikkje løysinga å legge ned matvareproduksjonen for å oppnå dette målet. Landbruks- og matdepartementet burde her truleg finne andre måtar å redusere CO2 utsleppa frå landbruket på ein gjennom nedbygging av norsk matvareproduksjon. Ein finn heller ikkje noko samanheng mellom eit styrka jordvern og forbod mot å etablere samt utvikle nye jordbruksareal. Ein legg og merke til at departementet i høyringsforslaget ikkje har rekna på økonomiske konsekvensar av forslaget eller sett på dei samfunnsøkonomiske sidene av forbodet mot dyrking av myr. Noko som etter vårt syn, syner ein total mangel på vilje eller evne til å sette seg inn i dei problemstillingane distriktslandbruket, blant anna på Vestlandet arbeider under.

Om ein skal sette opp eit klimarekneskap for landbruket i vår kommune, som sidan kring 1960 og fram til i dag har auka skog- og trevolumet, blant anna gjennom skogreisinga med fleire 100%, har nokk lagringa av CO2 auka vesentleg meir ein nydyrkinga har frigjeve CO2 til atmosfæren. Truleg bidreg granplantinga og skogreisinga i vår kommune som CO2 bindar for all den myrjorda som er oppdyrka og for all den myra i vår kommune som kan dyrkast og truleg for mykje mykje meir og. Med eit ståande volum på kring 28 000 daa med gran, på særst høge skogbonitetar, bind denne skogen ekstreme mengder CO2 og bygger opp eit lager i skogbotnen større ein naturen vår nokon gong tidlegare har gjort. I tillegg har landbruket dei siste 10 åra bygd 12 småkraftverk og 14 nye er under planlegging eller konsesjonshandsaming. Dette er kraftverk som produserer i dag 125 GWh rein fornybar energi. Produksjonen av rein fornybar energi frå landbruket, om utviklinga fortsetter som no, vil produksjonen av rein fornybar energi frå landbruket i vår kommune, komme opp i kring 5- 600 GWh på få år. Som administrasjonen ser det bidreg landbruket i denne kommunen vesentleg i det totale CO2 rekneskapen, og det vil etter Jølster kommune sitt syn vere fatalt å innføre eit forbod mot vidare utvikling av jordbruket og landbruket i denne kommunen, gjennom det forslaget som her framkjem gjennom endringa av nydyrkingsforskrifta.

Særutskrift til:

- **Det kongelige Landbruks- og Matdepartement, Postboks 8007 Dep. 0030 Oslo.**
- **Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, Landbruksavdeling, postboks 14, 6801 Førde.**

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Jølster kommune vil med grunnlag i det som framkjem i denne uttalen sterkt tilrå Landbruks- og Matdepartementet å legge vekk forslag om endring av nydyrkingsforskrifta.

Om departementet likevel vil innføre denne forskriftsendringa, må det kartleggast og utgreiast kva konsekvensar dette har for landbruket og den evne landbruket har for å produsere mat no og for framtida.

Dokumentliste:

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottakar	Tittel
1	I	06.03.2009	Statens Landbruksforvaltning	Høring - endring av forskrift om nærings- og miljøtiltak i skogbruket
2	I	13.05.2009	Statens Landbruksforvaltning	Endring av forskrift om nærings- og miljøtiltak i skogbruket fastsatt 29.04.09
3	I	27.05.2009	Miljøverndepartementet	Høring forslag til endringer i Friluftsløven
4	I	11.02.2010	Statens Landbruksforvaltning	Høring: Miljøvennlig spredning av husdyrgjødsel - satser for gjødselssesongen 2010
5	I	12.02.2010	Statens Landbruksforvaltning	Vedr satser for miljøvennlig spredning av husdyrgjødsel - korrigering og presiseringer
6	I	17.02.2010	Det Kongelige Landbruks- og Matdepartementet	Høring - forslag om endringer i forskrift om nydyrking